

Forskrift om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Giske kommune, Møre og Romsdal

Fastsett av Giske kommunestyre med heimel i lov 27. juni 2008 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) § 33-1, lov 16. juni 2017 om eigarseksjonar (eierseksjonsloven) § 15 og lov 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32.

Vedtaksdato: 15. februar 2024

Ikraftsetjing: 1. mars 2024

Kapittel 1 – Generelle føresegner

Gebyr etter dette regulativet blir betalt etter faktura utskreven av kommunen. Betaling kan krevast før forretning fastsettast, arbeid blir sett i gang eller før løyve/vedtak blir fatta. Alle prisar er gitt i norske kroner. Det blir ikkje rekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova eller eigarseksjonslova.

Forskrifta speglar det faktiske arbeidet dei ulike sakstypene medfører. Samla fakturert gebyr dekker saksbehandling, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

§ 1-1. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og dokumentavgift i saker der kommunen må forskottera dette.

Fakturaadresse skal kome fram i søknaden.

§ 1-2. Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

Gebyr etter plan- og bygningslova og eigarseksjonslova blir berekna etter dei satsane som gjeld på tidspunktet fullstendig sak blir motteke i kommunen, med mindre anna kjem fram av forskrifta.

Gebyr etter matrikkellova blir berekna etter dei satsane som gjeld når saka blir fremma, jf. matrikkelforskrifta § 16.

Gebyret blir fakturert når vedtak fattast, etter oppstartsmøte eller førehandskonferanse og når kommunen har ferdigbehandla eller avslutta saka. Gebyret for private planforslag blir fakturert etter oppstartsmøte og ved vedtak om offentlig ettersyn.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vil det i koma tilurregebyr etter inkassoforskrifta.

Gebyret må betalast og forfell sjølv om vedtaket er klagt på eller det er søkt om reduksjon av gebyr.

§ 1-3. Gebyr og prisar i regulativet

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet til kommunen med dei ulike sakstypene og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Gebyrregulativet blir årleg vedtatt av kommunestyret som har høve til å prise gebyra lågare enn sjølvkost.

§ 1-4. Sakkyndig bistand

Der kommunen leiger inn sakkyndig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadene for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg blir det fakturert for tida som kommunen bruker i sitt arbeid med å hente inn denne bistanden.

§ 1-5. Urimeleg gebyr

Gebyret skal reduserast dersom kommunen etter eiga vurdering vurderer gebyret som klart urimeleg.

Kommunen kan delegere vedtaksautoriteten til relevant administrativt nivå. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfristen.

§ 1-6. Klage

Når gebyret er heimla i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32 eller eigarseksjonslova § 15, er det ikkje høve til å klage på gebyret i den enkelte saka. Enkeltvedtak etter § 1-5 om urimeleg gebyr kan klagast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal etter reglane i forvaltingslova.

§ 1-7. Avslag

Saksarbeidet blir sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utgangen av klagefristen. For å etterleva sjølvkostreglane skal det ved avslag betalast 100 % av ordinært gebyr. Beløpet blir ikkje godskrive ved ny eller endra søknad. Dersom søknad om seksjonering blir avslått blir eventuelt innbetalt tinglysingsgebyr tilbakebetalt.

§ 1-8. Tilbaketrekking av søknad

Dersom søknad blir trekt tilbake, skal tiltakshavar betala ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har komme i behandlinga av søknaden. Det kjem fram av regulativet kor mykje som skal betalast.

§ 1-9. Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta tyder:

- a. Pbl: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).
- b. Mtl: Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova).
- c. Eiersl: Lov om eigarseksjonar (eigarseksjonslova).
- d. SAK: Forskrift om byggesak (byggjesaksforskrifta).
- e. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- f. Søknadspliktige tiltak: Tiltak definert i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3, 20-4.
- g. Grunnebyr: Gebyr som skal dekke dei generelle oppgåvene i saksbehandlingsprosessen som er uavhengig av kompleksiteten og storleiken på tiltaket.
- h. Saksbehandlingsgebyr: Gebyr som skal dekke oppgåvene i saksbehandlingsprosessen som er avhengig av kompleksiteten og storleiken på tiltaket.
- i. Registreringsgebyr: Gebyr som skal dekke arbeidet med oppgåvene knytt til registrering i matrikkelen. Gebyret betalast per brukseining eller per endring av brukseining.
- j. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, annekset/uthus, kontoreining, verkstad og lager.
- k. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskilt frå dei andre einingane, jf. SAK § 2-2.
- l. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom eigedommen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har dissa verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- m. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar blir rekna som sjølvstendig eigedom.
- n. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom berekna med utgangspunkt i NS-3940.
- o. Daa: Dekar, 1.000 kvadratmeter.
- p. Vnr.: Varenummer.

Kapittel 2 - Private planforslag

Kapittelet inneheld gebyr for saksbehandling av private planforslag etter plan- og bygningslova.

Samla gebyr består av gebyr for arbeid med oppstart og gebyr for behandling av innsendt planforslag. Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument, kan det fakturerast tilleggsgebyr.

Alle innsendte planforslag utløyser grunngebyr etter § 2-3-1. Gebyr frå §§ 2-3-2 til 2-3-9 er tilleggsgebyr og skal betalast dersom planforslaget møter krava for dei enkelte tilleggsgebyra.

§ 2-1. Gebyr for arbeid med oppstart

§ 2-1-1. Gebyr for planinitiativ

Gebyr for gjennomgang av planinitiativ inkluderer eit initiativ. Dersom planinitiativ må sendast inn fleire gonger, fakturerast gebyr per sending.

Planinitiativ		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gjennomgang av planinitiativ	Per planinitiativ	Kr X,-
Vnr. Y	Planinitiativ som sendast inn fleire gongar	Per påfølgande planinitiativ	Kr X,-

§ 2-1-2. Enkeltgebyr for møter

Møter		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppstartsmøte	Per oppstartsmøte	Kr X,-
Vnr. Y	Avklaringsmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	Kr X,-
Vnr. Y	Avklaring via telefon/e-post	Etter medgått tid	Kr X,-

§ 2-1-3. Forhold til overordna planar i kommunen

Dersom planinitiativet er i strid med kommuneplanen skal det betalast et tilleggsgebyr.

Planinitiativets forhold til overordna planar		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Planinitiativ i strid med kommuneplan	Per planinitiativ	Kr X,-

§ 2-1-4. Tilleggsgebyr for politisk avgjerd av planinitiativ

Tilleggsgebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for politisk behandling av oppstart av eit planinitiativ	Per planinitiativ	Kr X,-
Vnr. Y	Dersom forslagsstillar krev spørsmål om vesentlege ueinigheiter om det vidare planarbeidet lagt fram for kommunestyret etter pbl § 12-8 første ledd	Per sak	Kr X,-
Vnr. Y	Dersom forslagsstillar krev avgjersla om stans av planinitiativ førelagt politisk utval til behandling etter pbl § 12-8 andre ledd	Per planinitiativ	Kr X,-

§ 2-2. Mangelfulle plandokument

Det blir fakturert tilleggsgebyr dersom planforslaget ikkje leverast i fullverdig digital form. Gebyra gjeld dersom kommunen har meirarbeid ved retting av kartgrunnlag og/eller dokumenter.

Mangelfulle plandokument		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilleggsgebyr ved utarbeiding av skriftleg tilbakemelding om manglar i plandokumenta	Per skriftleg tilbakemelding	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg for planforslag som ikkje er levert etter gjeldande standard for kart og geografisk informasjon	Per planforslag/ per time	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg for mangelfulle plandokument til førstegangsbehandling	Per planforslag/ per time	Kr X,-

§ 2-3. Gebyr for behandling av privat planforslag

§ 2-3-1. Grunngebyr for planforslag

Grunngebyret blir fakturert for alle planforslag.

Grunngebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Privat planforslag	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-3-2. Møte undervegs i planprosessen

Dersom det blir halde møte, skal det betalast eit gebyr for kvart møte.

Møter		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Arbeidsmøte/dialogmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	Kr X,-

§ 2-3-3. Planer med planprogram og/eller konsekvensutgreiing

For planforslag som krev konsekvensutgreiing (KU) og/eller planprogram skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For planer som krev planprogram	Per planprogram	Kr X,-
Vnr. Y	For planer som krev konsekvensutgreiing inntil 3 tema	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Konsekvensutgreiing utover 3 tema	Per tema	Kr X,-

§ 2-3-4. Arealføremål og omsynssoner i planforslaget

Det skal betalast tilleggsgebyr dersom planforslaget inneheld over 4 nye arealføremål og/eller 2 nye omsynssoner. Arealformål i planforslaget definerast etter føremål i vedlegg 1 til kart- og planforskrifta.

Arealføremål og omsynssoner		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Over 4 arealføremål	Per planforslag/ per arealføremål	Kr X,-
Vnr. Y	Over 2 omsynssoner	Per planforslag/per omsynssone	Kr X,-

§ 2-3-5. Tomter for busetnad

Planforslag med tal tomter for busetnad over fem skal betale tilleggsgebyr. Tomter der det ikkje blir tillaten busetnad inngår ikkje gebyret.

Tomter for busetnad		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Frå og med 6 til og med 11 tomter	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Frå og med 12 tomter	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-3-6. Arealgebyr for busetnadens utbyggingsareal

Dersom busetnadens utbyggingsareal er over 15.000 m² BRA/BYA, skal det betalast tilleggsgebyr.

Busetnadens areal		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Planforslag der busetnadens areal er over 15.000 m ² BRA/BYA	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-3-7. Arealgebyr for planens grunnareal

Dersom planens grunnareal er over 10.000 m², skal det betalast tilleggsgebyr.

Planens grunnareal		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Planforslag der planens grunnareal er 10.000 m ²	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-3-8. Tilleggsgebyr for vertikalnivå

Planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken, jf. kart- og planforskrifta § 9, 3. ledd skal betale eit tilleggsgebyr.

Tilleggsgebyr for vertikalnivå		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå	Per vertikalnivå utover eitt	Kr X,-

§ 2-3-9. Forhold til overordna planar i kommunen

Dersom planforslaget er i strid med kommuneplanen skal det betalast et tilleggsgebyr.

Planforslagets forhold til overordna planer		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Planforslag i strid med kommuneplan	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-4. Utfylling og endring av plan

Ved utfylling eller endring av plan skal det betalast gebyr.

Utfylling og endring av plan		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Endringar som blir behandla som ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per planforslag	Fullt gebyr
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan, oppheving av eller utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev politisk behandling	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan, oppheving av eller utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev administrativ behandling (forenkla prosess)	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for møter i sak om endring av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per time	Kr X,-

§ 2-5. Gebyr ved avslutning av planprosess

Dersom planinitiativ/planforslag blir trekt eller ved manglande oppfølging frå forslagsstillar, skal forslagsstillar betale ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i saksbehandlinga.

Avslutning av planprosess		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Dersom saka blir trekt før oppstartsvarsel eller planmynde bestemmer at initiativet skal stoppast	Per planinitiativ	Gebyr etter § 2-1-1
Vnr. Y	Etter oppstartsmøtet, men før innsending av forslag	Per planoppstart	Gebyr etter § 2-1
Vnr. Y	Avslutning av sak etter at planforslaget er motteke av kommunen	Per planforslag	50% av gebyr etter § 1-3
Vnr. Y	Gebyr ved avslag etter plan- og bygningsloven § 12-11	Per planforslag	Fullt gebyr

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 12 månadar etter gjennomført oppstartsmøte, kan kommunen avslutte saka og kreve at nytt oppstartsmøte blir halde før kunngjering av planoppstart. Tilsvarande gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 24 månadar etter at oppstartsmøte er halde. Det fakturerast i tilfelle nytt gebyr for oppstartsmøte. Dersom forholda i

eit planinitiativ er endra kan kommunen ta nytt gebyr for nytt innsendt planinitiativ. Dette gjeld med mindre kommunen og forslagsstillar har avtala noko anna.

§ 2-6. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter plan- og bygningslova som ikkje fell inn under andre paragrafar i dette kapitlet, fakturerast etter medgått tid. I spesielle / atypiske saker kan kommunen på førehand avgjerda at saka blir fakturert etter medgått tid.

Timepris		Berekningsseining	Gebyr
Vnr Y	Gebyr for medgått tid i plansaker	Per time	Kr X,-

§ 2-7. Gebyrfritak

§ 2-7-1. Arealføremål som det ikkje bereknast gebyr av

Arealføremåla grønnstruktur (pbl. § 12-5 nr. 3), LNF(R) (pbl. § 12-5 nr. 5) og natur-/friluftsområde i sjø og vassdrag (pbl. § 12-5 nr. 6) inngår ikkje i berekning av gebyr. Det skal utvisast skjønn dersom areal tas med i reguleringsplanen, utover det som tiltaket krev.

§ 2-7-2. Offentlege planforslag

Kommunen reknar ikkje gebyr for å behandle planforslag frå offentlege forslagsstillar når planen skal ivareta offentlege interesser eller funksjonar og tiltaket skal finansierast med støtte frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

§ 2-7-3. Unntak gebyrfritak – Ulovleg statsstøtte

Offentlege forslagsstillar, derunder kommunale føretak, som fremmar planforslag knytt til eigedomsutvikling av reine eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med privat forslagsstillar og skal betale gebyr.

§ 2-7-4. Unntak gebyrfritak – Offentleg forslagsstillar med kommersielle interesser

Der deler av planen frå offentlege forslagsstillar, derunder kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal betale gebyr denne delen, berekna etter reglene i § 2-3.

Kapittel 3 – Bygge- og delesaksbehandling

§ 3-1. Generelt

For alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova skal det betalast grunngebyr, saksbehandlingsgebyr og registreringsgebyr med mindre anna kjem fram av regulativet. For tiltak som er unntatt søknadsplikt skal det bereknast registreringsgebyr dersom tiltaket skal matrikkelførast.

§ 3-2. Timepris

For dei tenestene som ikkje er omtalt i regulativet, men som krev behandling etter plan- og bygningslova, gjeld eit gebyr etter brukt tid. Timesatsen dekker mellom anna saksarbeid, støttefunksjonar og administrasjon. Timesatsen gjeld også for søknadar etter pbl kapittel 18.

Timepris		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene	Per time	Kr X,-

§ 3-3. Tilsyn

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak blir gjennomført i samsvar med føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekke lovbrøt og verke førebyggjande.

10 % av saksbehandlingsgebyret skal dekke kommunen si tilsynsverksemd.

§ 3-4. Grunngebyr

Kommunen fakturerer grunngebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunngebyret skal dekke dei generelle oppgåvene i saksbehandlingsprosessen som er uavhengig av tiltakets art, kompleksitet og storleik m.m. Til dømes mottak av søknad, innregistrering, journalføring og arkivering. Ferdigattest som blir utsendt i løpet av fem år etter opphavleg byggeløyve dekkast også av grunngebyret.

Grunngebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknadspliktige tiltak	Per søknad	Kr X,-

§ 3-5. Førehandskonferanse

For nærare avklaring av rammer og innhald i tiltaket kan det haldast førehandskonferanse mellom tiltakshavar, kommunen og andre rørte fagmynde. Førehandskonferanse gir ikkje grunngebyr. Gebyr betalast uavhengig av om det er kommunen eller tiltakshavar som ber om førehandskonferanse.

Førehandskonferanse etter pbl § 21-1		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Førehandskonferanse	Per møte	Kr X,-

§ 3-6. Registreringsgebyr

For tiltak etter pbl skal det betalast registreringsgebyr, som skal dekke kostnadene til arbeid i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgebyr per brukseining. Gebyret skal også betalast ved endring av brukseining.

Registreringsgebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Registreringspliktige tiltak	Per brukseining	Kr X,-

§ 3-7. Tilbaketrekking av søknad

Ved tilbaketrekking av søknad skal tiltakshavar betale ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i saksbehandlinga.

Tilbaketrekking av søknad		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For søknader som blir trekt før saksbehandling er starta	Per søknad	Grunngebyr
Vnr. Y	For søknader som blir trekt etter utsendt mangelbrev	Per søknad	Grunngebyr + 25 % av saksbehandlingsgebyr
Vnr. Y	For søknader som blir sendt til høyring eller som krev uttale frå f.eks. statsforvaltaren eller vegvesenet	Per søknad	Grunngebyr + 50 % av saksbehandlingsgebyr
Vnr. Y	For sak som avsluttast etter saksbehandling, men før utsending av vedtak	Per søknad	Fullt gebyr

§ 3-8. Mangelfulle søknader

Ein søknad kan avvist dersom søknaden er mangelfull og ikkje fullstendig i høve til krav fastsett i lov eller forskrift. Dersom søker ikkje har fullstendig søknad etter første mangelbrev, vil det koma til gebyr for kvart etterfølgande mangelbrev som må sendast.

Mangelbrev		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Avvising av søknad	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Utsending av mangelbrev	Per påfølgande mangelbrev	Kr X,-

§ 3-9. Søknad om endring av gitt løyve

Ved søknad om endring av gitt løyve vil det koma til gebyr så fremt endringane ikkje dekkast av andre avgjerder i regulativet. Søknad om endring av gitt løyve utløyser ikkje nytt grunngebyr.

Søknad om endring av gitt løyve		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Ved endring av godkjent søknad om tiltak som ikkje krev nabovarsling og som krev nytt vedtak, betalast ein del av ordinært saksbehandlingsgebyr for ny søknad	Per søknad	20 %
Vnr. Y	Ved endring av godkjent søknad om tiltak som krev nabovarsling og som krev nytt vedtak, betalast ein del av ordinært saksbehandlingsgebyr for ny søknad	Per søknad	50 %

Er endringane så betydelege at søknaden blir betrakta som ny sak, betalast fullt saksbehandlingsgebyr. Det skal betalast fullt gebyr ved ny behandling av tidlegare godkjend byggetiltak. Dersom endringa utløyser ny søknad om dispensasjon, betalast i tillegg gebyr etter § 3-10.

§ 3-10. Dispensasjonssøknader

Tiltak som ikkje er i samsvar med reglar i lov, forskrift eller plan krev søknad om dispensasjon. Gebyret kjem i tillegg til eventuelle saksbehandlingsgebyr.

Dispensasjon etter pbl § 19-1		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Dispensasjon som krev politisk behandling	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Dispensasjon som blir avgjort administrativt	Per forhold	Kr X,-

§ 3-11. Søknadspliktige tiltak

Grunngebyr kjem i tillegg til saksbehandlingsgebyret. Det same gjeld registreringsgebyr dersom tiltaket er registreringspliktig i matrikkelen.

§ 3-11-1. Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg, vesentleg endring eller reparasjon

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1, a og b		Berekningsseining	Gebyr
Bustad og fritidsbustad:			
Vnr. Y	Bustad/fritidsbustad, 3-vekersak Bygningstype 111-113, 161-163	Per bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Bustad/fritidsbustad, 12-vekersak Bygningstype 111-113, 161-163	Per bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Tomannsbustad, 3-vekersak Bygningstype 121-124	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Tomannsbustad, 12-vekersak Bygningstype 121-124	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Rekkehus, kjedehus og andre småhus Bygningstype 131-136	Per bueining, inntil 5 bueiningar per bygg	Kr X,-
Vnr. Y	Store bustadbygg Bygningstype 141-159	Per bueining, inntil 10 bueiningar per bygg	Kr X,-
Vnr. Y	Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad og fritidsbustad: Bygningstype 111-172	Per tilbygg	Kr X,-
Vnr. Y	Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad: Bygningstype 181-199	Per bygning	Kr X,-

Anna enn bustad:			
Vnr. Y	Fabrikk-/industribygg ol. Bygningstype: 211-219	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. Bygningstype: 221-229;323	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Lager-, landbruks-, parkeringsbygg ol. Bygningstype: 231-249;421-439	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Forretningsbygg, offentlig tilgjengelege publikumsbygg, sjukehus og andre bygg for behandling ol. Bygningstype: 311-322;329-429;441-449;710-829	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Bygg for overnatting mv. Bygningstype: 511-529	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Bygg for servering mv. Bygningstype: 531-539	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Undervisnings-, kultur-, museums-, kyrkjebygg ol. Bygningstype: 611-649;661-669;671-679;830-840	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Idrettsbygg ol. Bygningstype: 651-659	Per Bygning	Kr X,-
Vnr. Y	Tilbygg og påbygg mv. for annet enn bolig Bygningstype 211-840	Per Bygning	Kr X,-
Røyranlegg, ledningsanlegg mv.			
Vnr. Y	Røyranlegg, leidningsanlegg mv. Intervallinndeling: Samla tal på løpemetar i søknaden.	Per søknad	Kr X,-
Symjebasseng, dam/brønn ol.			
Vnr. Y	Symjebasseng, dam/brønn og liknande	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Brygge, molo, kai ol.	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-11-2. Fasadeendring

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Fasadeendring	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg med kulturminneinteresse	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-11-3. Bruksendring, vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare bruk av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Bruksendring mv. med endring av berande konstruksjon, brannskille, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Bruksendring mv. utan endring av berande konstruksjon, brannskille, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	Kr X,-

§ 3-11-4. Riving av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Riving mv. av bygg, konstruksjon, anlegg med kulturminneinteresse	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Riving mv. av andre bygg, konstruksjonar og anlegg	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-11-5. Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sanitærinstallasjonar, ventilasjons-/sprinklar-/antenne-/solcelleanlegg, heis, støttemur og liknande	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Skorstein og andre enkle tiltak	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-11-6. Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar i bustad

For eksempel at det blir ei buening mindre i ei bygning.

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Samanføyning av brukseiningar i bustad mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppdeling av brukseiningar i bustad mv.	Per ny buening	Kr X,-

§ 3-11-7 Oppføring av innhegning mot veg

Dersom tiltak under inngår i søknad etter kapittel 20 i pbl, skal det ikkje krevast separat gebyr.

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Innhegning mot veg (eksempelvis støyskjerm)	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-11-8 Plassering av skilt- og reklameinnretningar

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 i		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Enkelt skilt eller reklame	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Ny skiltplan med fleire enn to skilt	Per søknad	Kr X,-

§ 3-11-9. Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Plassering av midlertidige skule-/barnehagebygg mv. som skal stå i inntil 2 år	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Plassering av andre midlertidige bygningar mv. som skal stå i inntil 2 år	Per søknad	Kr X,-

§ 3-11-10. Vesentleg terrengingrep

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Vesentlege terrengingrep i ikkje regulert område	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Vesentlege terrengingrep i regulert område	Per søknad	Kr X,-

§ 3-11-11. Anlegg, veg og parkeringsplass

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre anlegg, veg og parkeringsplass	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Større anlegg, veg og parkeringsplass	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-12. Saksbehandlingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak

For søknadsppliktige tiltak som behandlast etter pbl § 20-1 m. Grunngbyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Frådeling mv., jf. pbl § 20-1 m		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom, her under søknad om frådeling av grunneigedom og innløyising av festetomt (deling) i regulert område	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Vedtak om arealoverføring	Per søknad	Kr X,-

For søknadsppliktige tiltak som behandlast etter pbl § 20-1, jf. § 20-4 og tiltak som kan forvaltast av tiltakshavar jf. SAK §§ 3-1 og 3-2 skal det betalast følgande gebyr. Grunngbyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Saksbehandlingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre tiltak som garasjar, uthus, og tilbygg på eigedom med eksisterande bygningar, jf. SAK § 3-1 a og b	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ei brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Midlertidige bygningar mv. jf. pbl § 20-4 c	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-13. Andre vurderingar

Andre vurderingar utløyser ikkje grunngbyr. Tiltak på eksisterande byggverk kan utløyse registreringsgebyr.

Andre vurderingar		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Tiltak på eksisterande byggverk (unntak frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd	Per unntak	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av sjølvbyggeransvar, SAK § 6-8	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til utdanning mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4	Per føretak	Kr X,-

§ 3-14. Igangsetjingsløyve

Igangsetjingsløyve utløyser ikkje eige grunn- eller registreringsgebyr.

Igangsetjingsløyve jf. Pbl § 20-3		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Igangsetjingsløyve	Per løyve	Kr X,-

§ 3-15. Midlertidig bruksløyve og ferdigattest

Midlertidig bruksløyve og ferdigattest utløyser ikkje eige grunn- eller registreringsgebyr.

Midlertidig bruksløyve og ferdigattest		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Midlertidig bruksløyve	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år etter opphavleg byggeløyve blei gitt	Per søknad	Kr X,-

Kapittel 4 - Oppmåling

Kapittelet handlar om gebyr for oppmålingsforretningar og saksbehandling etter matrikkellova.

§ 4-1. Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

Gebyr blir fakturert ved fullført oppmålingsforretning, og blir rekna etter satsane som gjeld den dagen saka blir fremma for kommunen. Kommunen krev i tillegg dekkja naudsynte tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift. Innbetaling av gebyr kan krevast før matrikkelføring og tinglysing blir gjennomført.

§ 4-2. Tidsfrist om vinteren

Den generelle behandlingsfristen på 16 veker for saker etter § 18 tredje ledd i matrikkelforskrifta gjeld ikkje i perioden 1. november – 1. mai.

§ 4-3. Mangelfull søknad

Dersom søknaden ikkje følg krava i matrikkellova og kommunen må sende mangelbrev, kjem det eit tilleggsgebyr.

Mangelbrev		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mangelbrev	Per brev	Kr X,-

§ 4-4. Oppmålingsforretningar

Samla gebyr er tredelt og består av grunngebyr, saksbehandlingsgebyr etter matrikkellova og gebyr ved oppmåling i marka. Dersom saka ikkje krev oppmåling i marka, fakturerast berre grunngebyr og saksbehandlingsgebyr etter matrikkellova.

§ 4-4-1. Grunngebyr

Kommunen fakturerer grunngebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunngebyret skal dekke dei generelle oppgåvene i saksbehandlinga som er uavhengig av sakens art, kompleksitet, storleik m.m. Dette er for eksempel mottak av søknad, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunngebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Grunngebyr	Per søknad	Kr X,-

§ 4-4-2. Gebyr for saksbehandling etter matrikkellova

Gebyret dekker kommunen si saksbehandling i samband med oppmålingsforretning, samt registrering i matrikkelen.

Gebyr for saksbehandling etter matrikkellova (for- og etterarbeid på kontoret)		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom og festegrund og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Første eigedom	Kr X,-
Vnr. Y	- Tillegg for oppretting av fleire matrikkeleiningar	Per påfølgande eigedom	Kr X,-
Vnr. Y	Arealoverføring	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	- Tillegg for fleire tilleggsdelar utover to	Per overføring	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av uteareal på eigarseksjon, inntil to tilleggsdelar	Per eigarseksjon	Kr X,-
Vnr. Y	- Tillegg for fleire tilleggsdelar utover to	Per tilleggsdel	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av anleggseigedom	Per eigedom	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av punktfaste	Per punktfaste	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (MUF)	Per matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y	Grensejustering	Per delareal/ rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av jordsameie	Per jordsameie	Kr X,-
Vnr. Y	Arealoverføring til offentleg veg og jernbane	Per delareal/ rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Grensepåvising av tidlegare koordinatfesta grense	Per rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning	Per rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Samanslåing av eigedomar	Per matrikkeleining	Kr 0,-

§ 4-4-3. Gebyr ved oppmåling i marka

Dersom kommunen må ut og måle i marka, kjem det oppmøtegebyr og gebyr per grensepunkt, i tillegg til grunngebyr og gebyr for saksbehandling etter matrikkellova. Oppmøtegebyr skal dekke oppmøte, reisetid og dekker inntil fire grensepunkt. Gebyret per grensepunkt skal dekke tida det tar å gjennomføre oppmålingsarbeidet. Samanfallande grensepunkt tel som eitt.

For grensepunkt i buer betalast det for inntil 2 grensepunkt per bue, sjølv om tal målte grensepunkt er fleire.

Gebyr ved oppmåling i marka		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppmøtegebyr (oppmøte, reisetid og inntil fire grensepunkt)	Per oppmålingsforretning	Kr X,-
Vnr. Y	Grensepunkt utover det 4. punktet som blir målt og merka i marka	Per grensepunkt	Kr X,-

§ 4-5. Avbrote forretning

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Berekningsenning	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for utført arbeid når saka trekkast eller må avvisast før oppmåling i marka er gjennomført	Per rekvisisjon	Gebyr etter §§ 4-4-1 og 4-4-2
Vnr. Y	Gebyr der saka avsluttast etter at oppmålingsforretninga er gjennomført	Per rekvisisjon	80 % av totalt gebyr.

§ 4-6. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Annet		Berekningsenning	Gebyr
Vnr. Y	Arbeid med referanse til stadfestingsavtale om eksisterande grense eller stadbunden rett, jf. matrikkelforskriften § 44	Per time	Kr X,-
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikelbrev inntil 10 sider	Per brev	I tråd med matrikkelforskrifta
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikelbrev over 10 sider	Per brev	I tråd med matrikkelforskrifta

Gebyrpliktig arbeid etter matrikellova som ikkje fell inn under andre føresegner i denne forskrifta, blir fakturert etter medgått tid. Timeprisen dekker saksbehandling, støttefunksjonar og administrasjon. I spesielle/atypiske saker kan kommunen på førehand avgjerda at saka blir fakturert etter medgått tid.

Annet fakturerbart arbeid		Berekningsenning	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr X,-

Kommunen kan på førehand avtale at markarbeid kan fakturerast etter medgått tid.

Kapittel 5 – Eigarseksjonering

§ 5-1. Generelt

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter eigarseksjonslova skal det bereknast gebyr. Kommunen kan i tillegg kreve dekt nødvendige tinglygingsgebyr og eventuell dokumentavgift.

§ 5-2. Timepris

For dei tenestene som ikkje blir omfatta av dette regulativet så kan det takast gebyr etter tid som går med til kommunens arbeid. Timesatsen dekker òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene	Per time	Kr X,-

§ 5-3. Grunngebyr

Kommunen fakturerer grunngebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunngebyret skal dekke dei generelle oppgåvene i saksbehandlinga som er uavhengig av sakens art, kompleksitet, storleik m.m. Dette er for eksempel mottak av søknad, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunngebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Grunngebyr	Per søknad	Kr X,-

§ 5-4. Mangelfull søknad

En søknad kan avisast dersom søknaden er mangelfull og ikkje komplett i høve til krav fastsett i lov.

Mangelbrev		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mangelbrev	Per brev	Kr X,-

§ 5-5. Oppretting av eigarseksjonar

Oppretting av eigarseksjonar		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For inntil to seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Frå meir enn to, tillegg per ny seksjon opptil 10 seksjonar	Per søknad	Kr X,-

§ 5-6. Reseksjonering, endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige

Reseksjonering		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For inntil to seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For meir enn to seksjonar, tillegg per ny seksjon opptil 10 seksjonar	Per søknad	Kr X,-

§ 5-7. Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Det skal betalast gebyr ved sletting eller oppheving av seksjonert sameige.

Sletting/oppheving av seksjonert sameige		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Saksbehandlingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom	Per eigedom	Kr X,-

§ 5-8. Synfaring

Synfaring av eigedom blir utført når kommunen finn det nødvendig ved behandling av saka. Gebyr kjem i tillegg til behandlingsgebyret.

Synfaring		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for synfaring	Per synfaring	Kr X,-

§ 5-9. Avbroten sak

Dersom søkjar avbryt søknadsprosessen før tinglysing skal det betalast eit gebyr for å dekke kostnadene til kommunen med saksarbeidet.

Avbroten sak		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for avbroten sak	Per søknad	1/3 av samla gebyr